

Til: Naboar, heimelshavarar og aktuelle offentlege instansar. Jf. vedlagde varslingsliste


Dato: 06.01.14
Vår ref: May-Britt Drage Bakke

Varsel om planoppstart av endring av Reguleringsplan for Risøy sydside


I medhald av Plan og bygningslova sin §12-8 vert det med dette varsla oppstart av reguleringsendring for Reguleringsplan for Risøy sydside, kai på vestsida.

Planen omfattar eit areal på om lag 8,5 daa. Planområdet inkludera gbnr. 139/13, 14 og 15, og er lokalisert på Risøy i Vågsøy kommune. Risøy ligg mellom Gangsøy i vest og Rugsundøya i aust.

Tiltakshavar er Johnni Risøy og Nordplan AS er utførande konsulent.



Figur 1 Kart som viser lokalisering og om lag avgrensing av planområdet (merka med raudt).




Figur 2 Planområdet sett frå vest mot aust (Norge i 3d, raud sirkel viser om lag plassering). Eksisterande tiltak i området syner ikkje på illustrasjonen.

Planstatus:

Planområdet er del av Reguleringsplan for Risøy sydsida, vedteken 15.09.2010.

I gjeldande plan er området regulert til trafikkområde i sjø og vassdrag, friluftsområde på land og område for fritidsbustad.



Figur 3 Reguleringsplan for Risøy sydsida. Reguleringsarbeidet omfattar ei endring av vestleg del av gjeldandande plan (merka med raudt).

Aktuelle tiltak i planområdet

Det er på i dag ein fritidsbustad innanfor planområdet, oppført på gbnr. 139/13. På gbnr. 139/14 er det etablert ei mindre kai og tilkomst frå kaia til bustadområdet. Kai og tilkomst samsvarar ikkje med gjeldande plan, og reguleringsendringa vil med dette oppdatere plan til eksisterande situasjon på eigedomen.

I tillegg vil planen vidare opne for at det kan etablerast eit naust innanfor det arealet som i dag er regulert til friluftsområde på land på gbnr. 139/14. Naust skal tilpassast eksisterande fritidsbustad gjennom god terrengtilpassing, val av volum, form, material og farge.

Kai som vart etablert i 2009 var ei midlertidig løysing under bygging av fritidsbustaden på gbnr. 139/14. Det er i gjeldande plan regulert inn felles kai i aust, med det er ikkje stilt rekkefølgekrav til dette tiltaket i føresegnene. Fritidsbustad i aust har etablert andre løysingar for tilkomst frå sjø til land. Det er lite sannsyn for at regulert felleskai vil verte realisert, då det ikkje er eit felles ønske om denne kaia frå tomteeigarane den er tiltenkt.

Grunna mangel på andre tilkomstmoglegheiter, har Johnni Risøy valt å beholde kai som i utgangspunktet skulle vere eit midlertidig tiltak. Kommunen har i oppstartsmøtet med Risøy og Nordplan anbefalt oppstart av reguleringsendring av gjeldande plan, der ein opnar for kaiføremål innanfor gbnr. 139/14. Kaia er planlagt regulert til å vere ei felleskai for eigedomane på vestsida av Risøy sydsida (gbnr. 139/ 13, 14 og 15), som er omfatta av denne reguleringsendringa. Tilkomstveg frå kai til fritidsbustader er òg planlagt som felles for dei aktuelle eigedomane.

Kaiføremålet vil ikkje kome i konflikt for farled for sjøtrafikk.

Viktige vurderingar og utgreiingsbehov

I planarbeidet vil statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø og naturmangfaldlova verte vurdert opp mot tiltaket. I tillegg vil vi i planomtalen vurdere samfunnstryggleik og beredskap, biologisk mangfald og trafikktryggleik i sjø.

Planomtalen vil inkludere risiko- og sårbarheitsanalyse.

Planframlegget er vurdert til å ikkje utløyse krav om KU, jf. kommunen sitt referat frå oppstartsmøtet (10.12.13).

Offentleg ettersyn

Kunngjering oppstart av reguleringsendring vert annonsert i Fjordenes Tidende, samt på Nordplan si heimeside: <http://www.nordplan.no/kunngjeringar/>

Berørte partar har rett til å kome med innspel/merknader ved oppstart av reguleringsforslaget. Alle innkomne merknader vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Planforslaget skal handsamast i Planutvalet i Vågsøy kommune, som legg planen ut til offentlig ettersyn i minimum 6 veker.

Publikum og berørte partar vil også få høve til å uttale seg om saka ved offentlig ettersyn. Kommunen varslar berørte partar skriftleg, samt kunngjer offentlig ettersyn i Fjordenes Tidende når det er tid for offentlig ettersyn.

Frist for innsending av merknader:

Eventuelle innspel og merknader til planarbeidet skal vere skriftlege og kan sendast til Nordplan AS, PB. 224, 6771 Nordfjordeid eller på e-post til mb@nordplan.no.

Merknadsfrist: 21.02.14

Spørsmål kan rettast til Nordplan AS v/May-Britt Drage Bakke tlf. 940 27 464

Med helsing
for Nordplan AS

May Britt Drage Bakke

May-Britt Drage Bakke
Arealplanleggar
Master i samfunnsgeografi

Høyringsinstansar som er varsla:

INSTANS	ADRESSE
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Plan- og samfunnsavdelinga	postmottak.sentraladm@sfj.no
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga	postmottak.kultur@sfj.no
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvern	fmsfpost@fylkesmannen.no
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga	fmsfpost@fylkesmannen.no
NVE	rv@nve.no
Nordfjord Havn IKS	post@nordfjordhavn.no
Sogn og Fjordane Energi AS	post@sfe.no
Fiskeridirektoratet, Region Vest	postmottak@fiskeridir.no
Kystverket Vest	post@kystverket.no

GNR/BNR.	HEIMELSHAVARAR
139/1, 15	Leif Risøy
139/2	Lisbeth Risøy Kvellestad
139/11	Anne B. Risøy Røttingen
139/12	Mally Risøy